

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/491

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2023	Teknisk utval	PS	23.05.2023

Delegerte saker

Underliggjande saker:

041/2023 Melding om delegert vedtak - Dispensasjon for oppføring av naust med båtopptrekk og pir på GBNR 32/97,98 og 99 Bjørkeneset

Det vert synt til plan- og bygningslova § 19-2 og gjeve dispensasjon for oppføring av 3 naust utanfor byggegrense for naust i område N2 i gjeldande reguleringsplan for Bjørkeneset på GBNR 32/97,98 og 99. Det vert vidare gjeve dispensasjon frå strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av båtopptrekk og pir innanfor område BBS2. Det vert sett følgjande vilkår :

- Tiltak vert plassert innanfor formålsområde og elles i samsvar med situasjonsplan motteke i korrigert søknad, datert 31.01.2023
- Arbeidet med tiltaket kan ikkje starta før Statsforvaltaren og Bjørkeneset Marina Sameie sin klagefrist er ute. Dersom kommunen mottok klage må tiltakshavarane avvente til endeleg vedtak i saka er fatta.
- Flytebyggje med landgang er trekt frå søknad i samsvar med stadfesting frå representant for tiltakshavarane, motteke 6.april 2023

Det vert synt til plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-3 og gjeve løyve for oppføring av naust, båtopptrekk og pir på GBNR 32/97,98 og 99 i samsvar med situasjonsplan og tilleggsinformasjon til søknad, motteke 31.01.2023 og 6.april 2023. Det vert sett følgjande vilkår :

- Erklæring om ansvarsrett for prosjektering av tiltak vert ettersendt kommunen før arbeidet kan starta.
- Før det kan søkjast ferdigattest skal nausdsynt grensejustering vere gjennomført. Det skal søkjast ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk.

Dei 3 tiltakshavarane på GBNR 32/97,98 og 99 vert godkjent som sjølvbyggjarar med personleg ansvarsrett for utføring av betongarbeid og trearbeid på tiltaka jfr Byggesaksforskriften (SAK 10) § 6-8.

040/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om endring av gitt løyve - gbnr 6/104

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) løyve til endring av tiltak for planering av gbnr. 6/104, Risnes, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og snitt-teikningar datert 11.04.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Det skal sendast inn søknad om ferdigattest når tiltaket er utført.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Søkjjar
PRO	SH Oppmåling AS	913864344	S	1	Prosjektering tomtearbeid, sprenging og planering
UTF	Entreprenør A. Birkeland AS	939555420	S	1	Utføring sprenging og planering

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

039/2023 Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve for helikopter på gbnr 10/26

Masfjorden kommune gjev Tore Samuelsen landingsløyve for helikopter ved skuleplassen på store Sleire **gnr 10 bnr 26** i Masfjorden

Vilkår:

Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: **01.08 – 31.08.2023**

Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdraget.

Masfjorden kommune skal ha melding om dei endelege datoane for flyginga og kva selskap som vert nytta når dette er fastsett. Grunngeving: Når det ikkje er mogeleg med anna transtport grunna vanskelege terrengtilhøve kan ein gje dispesasjon i enkelttilfeller.

Flyselskapet skal varslast om vedtaket.

035/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av terrasse på bustadhus - gbnr 7/25

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål for oppføring av terrasse på gbnr. 7/25.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av terrasse på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert [dato] med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

Grunngeving: Masfjorden kommune ser ikkje at ein set lova til sides og finn at det er ei føremon at huset får løyve til oppføring av terrasse. Tiltaket er ikkje i konflikt med byggjegranser mot vassdrag, veg eller nabo. Ein ser heller ikkje at tiltaket har negative påverknadar på helse, tryggleik miljø eller tilgjenge. Tiltaket er ikkje i konflikt med dyrka eller dyrkbar jord.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Reknes byggjevare L.L	915354424	S	1	Søkjar
PRO	Reknes byggjevare L.L	915354424	S	1	Prosjektering bærande konstruksjonar
PRO	Tom Rune Daae (sjølvbyggjar)		L	1	Prosjektering forutan bærande

					konstruksjonar
UTF	Reknes byggjevare L.L	915354424	S	1	Utføring bærande konstruksjonar
UTF	Tom Rune Daae (sjølvbyggjar)		L	1	Utførande forutan bærande konstruksjonar

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

033/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - rehabilitering av pipe - gbnr 35/4

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 f) løyve til tiltak i eitt-trinn for rehabilitering av pipe på gbnr. 35/4, Mjanger, på følgjande vilkår:

1. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
2. Tiltaket skal utførast etter Tek17, §15-1 og 15-3
3. Det skal sendast inn søknad om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Varme AS	990561508	L	1	Søkjar
PRO	Varme AS	990561508	L	1	Prosjektering av rehabilitering pipe
UTF	Varme AS	990561508	L	1	Utføring av rehabilitering pipe

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

032/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - tilbygg sæterbygg - gbnr 24/3

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 1-8 dispensasjon frå byggjegrænse mot vassdrag, som i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 er sett til 50 m for

oppføring av tilbygg til sæterbygg på gbnr. 24/3, Ådnekvamssætra.

Det vert vidare gjeve dispensasjon frå teknisk forskrift (Tek17) etter § 31-4 i plan- og bygningslova.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av tilbygg sæterbygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 02.02.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket kan ikkje påbyrjast før klagefristen er ute.
4. Det skal søkjast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Det er i dag eit eksisterande sæterbygg på eigedommen som blir nytta i samband med stadbunden næring og det er trong for å auka arealet på dette. Utvidinga vil ikkje medføra at bygget kjem nærare vassdrag enn det bygget som står der i dag.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Søkjjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Prosjektering av tiltaket
UTF	Murmester Aril Andvik	984273193	L	1	Utførelse av tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

034/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom til naust - gbnr 24/1

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til

oppretting av grunneigedom på gbnr. 24/1, Ådnekvam, slik det framgår av søknad.

Grunngjeving: Søknad er i trå med reguleringsplan og føresegner for Ådnekvam hyttefelt.

036/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om tilknytning til kommunalt vatn - gbnr 5/74

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 5/74 i Giljane.

Søknad med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår

1. **Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk.**
2. **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan dat. 31.03.23.**
3. **Dersom det er behov for trykkauke eller trykkreduksjon er det tiltakshavar som må ta kostnad med dette.**
4. **Det er tiltakshavar som har ansvar for at røyranlegget i huset er dimensjonert for vasstrykket på den kommunale leidninga.**
5. **Det skal sendast inn ferdigmelding når arbeidet er avslutta.**

038/2023 Melding om delegert vedtak - Søknad om tilknytning til kommunalt ledningsnett - avløp

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i forskrift for vatn og avlaup for Masfjorden kommune løyve til tilkopling til kommunalt avlaup for gbnr. 5/74, Giljane, på fylgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.03.23.**
2. **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er ferdig.**

086/2022 Melding om delegert vedtak - Søknad om utleppsløyve frå midlertidig brakkerigg på GBNR 52/1 Matre

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknad om utlepp frå slamavskiljar for midlertidig bustadrigg på GBNR 52/1.

Søknad med vedlegg med vedlegg motteke 15.08.2022 vert godkjent på følgjande vilkår :

- **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan, motteke**
- **Leidning i sjø skal liggje minst 2 meter under lågaste vasstand.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta § 12.

Heimel: Forureiningsforskrifta § 12.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Teknisk utval - 010/2023

TU - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering